

NY PRODUKSJON OG TINGINGSVERK
i høve 200-års jubileet for
Aasmund Olavsson Vinje



På geitevis

Barneframsyning basert på Aasmund Olavsson Vinje-tekstar

Kven var Aasmund Olavsson Vinje? Versa om Blåmann blåmann, geitebukken han leika med for nesten to hundre år sidan, har rørt eit heilt folk sidan tonar gav diktet vengjer året etter han sjølv døydde. Folket, det norske, var han så oppglødd over og glad i, men dei arga han inderleg òg. Han hadde store draumar for land og folk og han gjorde sitt for at draumen skulle sannast. Orda på folketunga skulle verta det nye skriftmålet. Som bladmann var han den fyrste til å setja Ivar Aasen sitt landsmål på prent i samfunnsordskiftet. Han dikta om bukkekje og om kjærleik så orda og vendingane hans enno er oss dagleg i minne.

«På geitevis» er ei atterføring av eit utval Vinje-

tekster, til og for born i alle aldrar. «På geitevis» er òg eit nytt musikk møte. To jazzmusikarar og to folkemusikarar møtast i leik med ny musikk til gamle, men stadig unge ord. Daniel Herskedal sin virtuositet og fantasi på tubaen når store høgder, og musikkleiken hans har vekt åtgåum langt utover Noregs grenser. Dag-Filip Roaldsnes er ein av våre finaste jazzpianistar. Uttrykket hans er eigenarta, gran-skande og søkande. Folkesongar Unni Boksasp har sunge seg inn i mange høtte med si klangfulle klåre nordmørske røyst, si rolle kunstnarlege kunnen og leikande uttrykk. Saman med Kvernberg og Unni Boksasp Ensemble tok ho i mot Spellemannprisen 2010.



Jorun Marie Kvernberg kjenner vi både som solist, og som ringrev i nyskapande Majorstuen. Hennar nærleik og delande kraft set merke hjå dei som høyrer. Som komponist har ho synt stor vokster dei siste åra. No sist som den norske komponisten i storverket Nordic Sound Folk Orchestra - fjorårets sagnomsuste opningskonsert på Førdefestivalen.

Idé og produksjon: Førdefestivalen, i samarbeid med Den Kulturelle skulesekken Sogn og Fjordane. Anbefalt aldersgruppe: 1.-7. kl. Støtta av Norsk Kulturråd.

JORUN MARIE KVERNBERG fele, hardingfele, song. komponist • UNNI BOKSTAP song • DAG-FILIP ROALDSNES piano • DANIEL HERSKEDAL tuba • FRIDTJOV URDAL manus • TORE NYSÆTHER regi

Torsdag 5. juli kl. 17.30

Barneframsyning: «På geitevis»

Fredag 6. juli kl. 18.00

Barneframsyning: «På geitevis»

Festsalen, Førdehuset

«På geitevis» is a performance and concert for children, based on the lyrics and texts of the Norwegian author Aasmund Olavsson Vinje. Vinje was born in 1818, and is also famous for supporting the Norwegian language, nynorsk. The fiddler and composer Jorun Marie Kvernberg has composed new music for the play.